



Gatefolk; levekår og handlingsalternativ

Krim 2912, Rusmidler og ruspolitikk

Camilla Lied

camilla.lied@jus.uio.no



Videre lesning

- På biblioteket:
- Camilla Lied (2005): Gata som arbeidsplass. Tiggjarar og gateartistar sett frå deira synsvinkel. Institutt for kriminologi og rettssosiologi, UiO.
- På nett: www.duo.uio.no
 - Klikk videre til jur.fak og IKRS
 - Direkte link
<http://www.duo.uio.no/sok/work.html?WORKID=28307>



Dagens tema

- Korleis er det å vere del av gatens folk? Kva handlingsalternativ fins i rusøkonomien på gata?
- Tigging som eksempel på handlingsalternativ, fortløpande knytta opp mot deler av pensum på krim 2912
- Relevant litteratur:
 - Ingrid Lander: Den flygande maran
 - Philip Lalander: Hooked on heroin
 - Sandberg og Pedersen: Gatekapital
 - Sahlin: Gränskontroll och disiplin. Strategier för kontroll och förändring
 - M. Järvinen: Det magtfulde møde mellem system og klient – teoretiske perspektiver.



Avgrensing, kven er gatas folk

- Tiggjarar som finansierer rusmiddelbruk
 - Prostituerte. Her; vestlige kvinner som brukar prostitusjon for å finansiere sin rusmiddelavhengighet.
 - Dealargar på gatenivå
 - (Erlikselgarar). (ikkje tema i dag)
- Folk med omfattande levekårsproblemer ift helse, bolig og rusmiddelbruk. Tilbringer store deler av dagliglivet på gata.



Fleire fellestrekk (Lander)

- mange har fått kontakt med det offentlige hjelpeapparat frå tidlig alder, gjerne i form av barnevernet.
- → vant med inngrep frå myndighetene. Mange har ein journal som strekker seg mange år bakover i tid, En kan seie at dei konstant går rundt med livshistoria på innerlomma.
- marginalisering. Det vil seie at dei har ei svak tilknytning til utdanningssystem, arbeidsliv, familie og økonomiske ressursar. Dette starta tidlig.
- Negativt sjølvbilde som påvirker valg



Fire store kriminologiske utg.pkt

- **Kjønn**; mann/kvinne
- **Sosial klasse**; «arbeiderklasse», middelklasse, overklasse
- **Alder** ung/eldre, «fartstid»
- **Etnisitet**; norsk/annen etnisitet



Tematikkar, tigging

1. Tiggingens historie
2. Korleis står tiggjarar står i forhold til makt og avmakt, deira forhold til kontroll og frihet.
3. Tigging i forhold til arbeid; kan en seie at tigging er eit yrke, er det arbeid å tigge? Korleis er det å jobbe som tiggjar, korleis er arbeidsforholda og arbeidsmiljøet?
4. korleis ein blir ein tiggjar, kvifor nokon finn det som en naturleg måte å få tak i pengar på
5. I forhold til det ein kallar utvekslingsteori, altså om gåver og kravet om gjenytelse når ein gjer ei gåve, det å fortjene noko, det å gje noko tilbake.



Gammalt fenomen;

Den som spotter den fattige, håner hans skaper; den som gleder sig over ulykke, skal ikke bli ustraffet.

(Salomos ordsprog kap.17: 5)

Den som har et godt hjerte, blir velsignet fordi han gav den fattige av sitt brød.

(Salomos ordsprog kap 22:9)



Funksjonalisme ift tigging

For å halde eit samfunn ved like slik at det ikkje skal gå under, må ein heile tida gjennom sosial kontroll vise kva som er den rette vegen. Det er spesielt teoriar som munnar ut frå Durkheim sine teoriar om **funksjonalisme**, som argumenterer for at det er slik. Når tigging er en livsførsel som har eksistert i så mange sivilisasjonar så lenge, kan en utfrå et funksjonalistisk utgangspunkt seie at det må ha en slags funksjon for et samfunn. Og omvendt kan en seie at kontrollen av tigging må ha en funksjon sidan en fortsetter med det sjølv om en ikkje blir kvitt tigging. Teoretisk sett, eller kanskje latent og ubevisst, kan tigging kanskje verke som ein trussel mot et samfunn, der ein kanskje må passe på at det ikkje får ein smittefunksjon. Det ville jo vere ille viss alle bestemte seg for å begynne med tigging, ”for då ville jo ingenting bli gjort her i landet”.



Symbolsk makt

- samfunnsdeltakarane som *skapar* maktstrukturane ved å handle etter dei, utan å vere det bevisst
- Ifølge dette perspektivet kjem den symbolske makta dei dominerande klasser til gode. Den distingverer det som er høgverdig frå det som er mindre høgverdig



SYMBOLSK VOLD

→ Fordi ein måler seg sjøl i forhold til kva som er godt og dårlig, høgverdig eller mindreverdig i eit samfunn, kan ein kanskje seie at den som taper kampen om godene i samfunnet, sjølv får skulda for eiga ulukke, sjølv om årsaken like gjerne kan ligge i samfunnsstrukturen. Dette kan resultere i *symbolsk vold*, ved at maktforholda tilslører seg sjøl og framstår som noko *anna* enn makt, som noko som ligg i for eksempel dei marginaliserte sin natur og at dei kan skylde seg sjøl.



Symbolisk vold forts

”loven, i sin majestetiske streben etter likhet, forbyr såvel den rike som den fattige å sove under broene, å tigge i gatene og å stjele brød.”

(Anatole France, i T. Matheisen; Retten i samfunnet, 150)



Omsorgsmakt?

Ein annan type makt som tiggjarar og gatefolk opplever, er omsorgsmakt. Som Lander skriv i den flygande maran, (s 281): hjelperen definerer klientens interesser og behov, og legitimerer gjennom dette sine handlinger mot klienten. Altså handlingar frå det offentlige si side som er meint å vere til folk sitt eige beste, fordi dei angivelig sjølve ikkje ser sitt eige beste. Dette er et argument som dukkar opp kvar vår, når bystyret og Handelsstanden har sine kampanjar mot tiggjing. Ein seier at det å gje til tiggjarar, er skadelig for dei, og at vi hjelper dei ved å la vere å gje, slik at dei skal miste sin mulighet til å finansiere rusmidlane sine og då komme seg inn i behandling og få et godt og verdig liv. når storsamfunnet skal finne løysningar på foreksempel det en kallar tiggjarproblemet, skyldar en på narkobruken , ikkje ulikhet og egenskaper ved samfunnet. Dette er også noko Lander skildrar.(s 298) Ein vil framstå som ein hjelper for tiggjarane. Men Ut frå det tiggjarane eg snakka med, fortalte, ville et forbud mot tiggjing gjere livet vanskelegare, fordi en mister et handlingsalternativ som etter deira syn er enklare og mindre skadelig og risikabelt enn foreksempel vinningskriminalitet, dealing og salg av seksuelle tjenester.



Goder ved narkotikakultur

If the subculture didn't give its members some advances compared to what they would get without, it wouldn't be interesting to participate in it, helping to reconstruct it. They were, thus, neither forced to learn nor brainwashed; rather they found the education of the subculture challenging, thrilling and highly instructive» (Lalander: 12)

Krabbeteine





VOND SIRKEL

Ein finn seg sjøl i en vond sirkel, som Ingrid Lander skriv om: ein begynner med rusmidler som ei løysing på den problematikken en opplever. En brukar rusmidler ofr å orke livet. Dette fører til økt stigmatisering og levekårsproblem. Dette fører igjen til at en ruser seg meir, som fører til ytterligare stigma og levekårsproblemer. Etter kvart beveger ein seg stadig lenger inn i krabbeteina og det blir vanskelig å finne vegen ut.



YRKE?

Det eg iallfall fort oppdaga då eg var ute og snakka med tiggjarar dei ser det dei driv med som ein jobb, eit yrke. Dei snakka veldig ofte om jobben sin i forhold til det å vere sin eigen arbeidsgiver, dei fortel korleis det å stå utanfor retten til sjukeløn, ferie eller omskolering, påverker dagliglivet og måten dei planleggjer og utfører jobben sin og korleis dei lever livet sitt generelt. Eg såg eksempel på yrkesnevrosar, arbeidsglede, forretningsteft, flid, nytenkning, utbrenthet og stå-på-vilje både blant tiggjarar. Tiggjarane snakka om korleis dei av og til ikkje orka å gå på jobb uten et visst kvantum beroligande medisiner. Andre snakka om at dei trivst med det, legger si ære i å lyse opp kvardagen til dei som går forbi, med å slå av en prat og ønske en fin dag til alle. Et eksempel på nytenking, er det at det å bruke plakater var et sjeldent syn tidlig på nittitallet. Plutselig var det en som lagde et bra slagord på en plakat, fks «det er bedre å tigge enn å stjele». Og så fulgte mange det eksempelet, dei såg at det fungerte. Det er altså tydeleg at måten dei utfører jobben sin på, på ingen måte er tilfeldig.



Levere kvalitet

tiggarrar eg snakka med har altså klare meiningar om kva som er lønnsomt og ikkje lønnsomt når ein arbeider på gata. Dette verkar også som eit tema som alle intervjupersonane hadde tenkt nøye gjennom og funne sin ståstad i forhold til. En tenker over korleis en møter folk, korleis en kler seg, kva som gir mest pengar. Om dette er positivt eller negativt, kan ein meine mykje om. Men om det er slik at det å vere tiggarrar er et yrke eller en profesjon, er det kanskje ikkje en stor overraskelse at yrkesutøvarane også fokuserer på inntektsmaksimering, og at dei alle har ei klar formeining om korleis ein *leverer kvalitet* og om kva som er høgverdige normer innan dei respektive yrka.



Yrkesetikk, dealing

- ikke selge til mindreårige
- ikke bøffe (for lite eller feil stoff)
- vere fair, rettferdig, vere grei når det er krise for folk (men uten å tape ansikt) (Lalander, 94ff)

nettverk som er bygd på gjensidige tjenester og kontakter. Trenger normer for å fungere. Disse reglane henger der, sjøl om dei ofte blir brutt.



Yrkesetikk, tigging

- Ikke være pågående
- Ta et nei for et nei
- Være høflig
- («Sven», tigger)



Kodeks, funksjon

Kodeksane fungerer som motstrategi mot det øvrige samfunns kritikk og manglende forståelse som vil senke statusen til dei som tilhører subkulturen.

Kjenner til det øvrige samfunns verdier, og forholder seg til dei ved hjelp av subkulturens egne moralske koder. En brukar kodeksane for å takle kritikken frå storsamfunnet. (Lalander: 85)



Oppsummering 1:2

- Tigging er en mulig måte å finansiere rusmiddelbruk, på linje med dealing og sexsalg. Kan kobles til store deler av pensum 2912
- tigging er en gammel profesjon kjent i uminnelige tider, og kritisert og forsøkt stansa like lenge. Det held likevel fram på tross av til tider strenge straffereaksjoner og disiplineringsforsøk.
- del av ei marginalisert gruppe som har en aktiv og reflektert måte å tilpasse seg situasjonen sin på. Dei prøver å gjere det beste ut av livet sitt ut frå dei ressursane dei har til rådighet.



Oppsummering forts

- forholder seg til kontrollen, og dei utviklar markedsføringsteknikkar som faktisk fungerer.
 - Og dei greier å forholde seg til uskrivne gatereglar som kanskje ikkje er så synlig for dei uinnvidde.
- Skal en ha håp om å endre problematikken, må store krefter inn, og det er ikkje sikkert at sjølve tigginga er plassen der en skal starte, fks med å kriminalisere tigging.